



STORD
KOMMUNE



Rapport • 20.oktober 2010

akvator

Strandsonekartlegging i Stord kommune

Funksjonell strandsone - Stordøya og Huglo -



Innhold

1	Innleiing	4
2	Bakgrunn	4
3	Plan- og bygningslova	5
3.1	Funksjonell strandsone	5
4	Metode	6
4.1	Digitale data	6
4.2	Kriterium	6
4.3	Feilkjelder og usikkerheit	9
4.4	Nytte av resultatata	9
5	Resultat Stordøya	10
5.1	Område 1 Dåfjorden	11
5.2	Område 2 Melkevik - Sagvåg - Sætrevik	13
5.3	Område 3 Digernes - Eldøy	15
5.4	Område 4 Gullberg	17
5.5	Område 5 Sævarhagsvikjo -Rommetveit - Grov - Agdestein	19
6	Revisjon Huglo	25
6.1	Område 1. Leira - Huglavika	25
6.2	Område 2. Breivika - Kvarvaneset	26
6.3	Område 3. Lyraberget - Haukanes	28
6.4	Område 4. Stora Brandvik	29
6.5	Område 5. Tveitvågen	31
6.6	Område 6. Korsneset- Røssbøneset/Orevik	32
7	Oppsummering	34

1 Innleiing

I samband med revisjon av kommuneplan for Stord kommune er strandsoneverdiane i fem delområde på Stordøya kartlagt. Arbeidet har omfatta tilrettelegging av eksisterande informasjon, analysar og feltarbeid. Samstundes er kartlegging av funksjonell strandsoner for seks delområde på Huglo revidert (jf. kommunedelplan for Huglo).

Arbeidet er gjennomført av Akvator AS i samråd med Stord kommune. Metode for vurdering av funksjonell strandsoner er utvikla i samband med *Strandsonerplan - forstudie* i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

2 Bakgrunn

I Stord kommune er strandsona ein viktig ressurs som grunnlag for busetnad, næring og friluftsliv. Utfordringar knytt til planlegging og forvaltning av strandsona ligg ofte i å balansere mellom bruk og vern av areala. Gjennom å kartlegga eksisterande inngrep i strandsona og definera funksjonell strandsoner kan ein lettare skilja mellom område som bør sikrast vern og tilpassa bruk, og område som kan leggast til rette for utbygging til bustad-, fritids- eller næringsføremål.

Kyst- og øykommunar med mykje strandsoner har tradisjonelt ei befolkning som set stor pris på tilgjenge til sjøen. Tilgjenge til sjø gjennom båtplassar, naust og tilrettelegging av busetnads- og næringsområde er såleis viktige trekkplaster for å oppretthalde folketal og aktivitet i kommunane, jf. nyleg utarbeidd strandsonestrategi for Sunnhordland.

Det er gjennomført ei analyse av areal- og planstatus for 100-metersbeltet mot sjø i Stord kommune. Statuskartlegginga syner at 60 % av strandsona er inngrepsfri i Stord kommune. Busetnad (alle typar bygg) utgjer den største delen av inngrep i strandsona. Ved å sjå på strandsona i eit friluftsperspektiv er om lag 47 % tilgjengeleg (topografi og inngrep som ikkje sperrar for ferdsel).



3 Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova legg føringar for heilskapleg arealforvaltning for statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd, der bruk av areal og andre naturressursar vert vurdert saman.

Lova legg til rette for samordning, og gjev grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Lova skal fremja berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

100-metersbeltet

Strandsona skal bevarast som verdifullt natur- og friluftsområde, og sikrast god tilgjenge for ålmenta. Sidan 1950-talet har Noreg hatt egne reglar for bruk og vern av strandsona.

Ny Plan- og bygningslov skjerpar byggjeforbodet i strandsona. I den nye lovføresegna (§1-8) går det fram at byggjeforbodet i 100-metersbeltet gjeld *"så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan"*. Utbygging i strandsona skal såleis som hovudregel vere i samsvar med overordna plan og ta omsyn til landskap, natur og friluftsliv.

Den nye lova gir såleis både avgrensingar og moglegheiter. I områder der kommunen vurderer det hensiktsmessig å vurdera ei anna byggjegrænse enn 100-metersbeltet, er det mogleg å fastsetja denne i overordna plan, eller som del av ein reguleringsplan. Fastsetjing av ny byggegrense kan gjerast med bakgrunn i kartlegging av funksjonell strandsone.

Plan- og bygningslova (2008)

§ 1-8. Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag

I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebyggd festetomt etter tomtefestelova.

Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2.

Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4.

For områder langs vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftinteresser skal kommunen i kommuneplanens arealdel etter § 11-11 nr. 5 fastsette grense på inntil 100 meter der bestemte angitte tiltak mv. ikke skal være tillatt.

3.1 Funksjonell strandsone

I Fylkesplan 2005-2008 er funksjonell strandsone definert som;

"Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet".

Kartlegging av funksjonell strandsone inneber ei detaljert analyse av landskap og landskapselement, og krev mellom anna synfaringar og flyfotostudiar. Gjennom ei slik kartlegging kan ein differensiera strandsoneverdiene basert på fastsette kriterium, og slik definera område som bør vernast og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og tilgjenge for ålmenta står i fokus. Basert på kartlegging av den funksjonelle strandsona kan det setjast ei juridisk bindande byggegrense mot sjø.

4 Metode

Kartleggingsarbeidet er utført basert på eksisterende data, flyfoto og synfaring. Som grunnlag for synfaringa er det utarbeidd temakart som inkluderar alle kjente data. Temakarta for Stordøya ligg som vedlegg til rapporten. Ut frå temakarta og studie av flyfoto er det gjort ei vurdering av strandsoneverdiene før synfaring. Temakarta er vidare nytta som bakgrunnsinformasjon for feltarbeidet. Synfaring gir eit anna perspektiv på realiteten enn det ein kan lesa ut frå flyfoto og temakart, og er såleis ein viktig korrigerande del av kartlegginga.

4.1 Digitale data

Tilgjengelege digitale data:

- Felles kartdatabase (FKB)
- Digital markslagskart (forenkla DMK)
- Naturbasen (Direktoratet for Naturforvaltning)
- Inngrepsfrie naturområde (INON-områder, Direktoratet for Naturforvaltning)
- Databasen Askeladden og SEFRAK registeret (Hordaland Fylkeskommune)
- Kommuneplan for Stord 2004-2015
- Regionalt viktige friluftsområde (Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland)
- Flyfoto / ortofoto

4.2 Kriterium

Basert på definisjonen av funksjonell strandsone er det definert sju kartleggingskriterium. Til saman vil kriteria gi eit heilskapleg og konkret grunnlag for kvalitetsvurdering og differensiering av strandsona. I område der ingen av kriteria er framtreddande og gir grunnlag for ei differensiert strandsone, vert 100-metersbeltet vidareført.

Funksjonell strandsone er kartlagt ut frå dagens situasjon og tek ikkje høgde for evt. framtidig utbygging av område. Det er ikkje gjort vurderingar knytt til fastsetjing av nye byggegrenser i dei ulike områda, avgrensingar er søkt fastsett i tråd med definerte kriteria som definert nedanfor.

Biologisk mangfald

- Område verna etter naturvernlova (naturmangfaldlova)
- Område registrert med viktig biologisk mangfald (naturtypar, viltkartlegging)
- Anna biologisk mangfald, uregistrert
- Større vassdrag

Område med stort og/eller særprega biologisk mangfald er kartlagt i Stord kommune etter retningslinje utarbeida av Direktoratet for naturforvaltning (DN). Områda er prioriterte i tre kategoriar, A (svært viktig), B (viktig) og C (lokal verdi). Kriteria for denne prioriteringa er gjort på bakgrunn av området sin kvalitet og innhald av raudliste artar. Alle desse områda vert vekta høgt dersom lokaliteten er knytt til strandsona.

Anna biologisk mangfald som er knytt til strandsona og som har kvalitetar og relasjon til strandarealet, t.d. strandeng og sumpområde, vil vera ein del av vurderinga.

For større vassdrag vert deler av elveosen teke med som ein del av funksjonell strandsone, dette for å hindra utbygging nærre elva og osen som er ein viktig biologisk biotop.

Landskap

- Landskapsrom/landskapselement
- Topografi - bratte område
- Inngrepsfri naturområde i Norge (INON)

Strandsona kan ha kvalitetar som er knytt til eit landskapsrom som naturleg vender seg mot stranda/sjøen. Landskapsrommet vert då ei naturleg topografisk avgrensing. Landskapselement kan ha verdiar i høve til elementa lokal identitet, heilskap, urørt landskap og særmerka former. I større urørte

område, samt særmerka og tydelege landskapselement, som t.d. nes, er dette kriteriet lagt spesielt stor vekt på i denne analysen.

Topografi og brattleik er avgjerande for i kva grad området er tilgjengleg i friluftssamanheng, samt kor eigna området er for ulike arealføremål, som t.d. byggeområde. Brattleiksanalysen tek utgangspunkt i at utilgjengeleg areal er brattare enn 25 graders helling. Saman med andre kriterium vert større parti som er brattare enn 25 graders helling teke med som ein del av funksjonell strandsone og linja sett ovanfor det bratte partiet for å hindra silhuett utbygging. Brattleiksanalysen vert nytta i samanheng med andre kriterium og forsterkar grunnlaget for vurderinga.



Kulturminne/kulturmiljø

- Automatisk freda kulturminne
- Kulturmiljø- sefrak
- Kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne er kartlagt og tilgjengeleg i databasen Askeladden (Riksantikvaren). Kulturminne som har tilknytning til strandsona er lagt vekt på i vurderinga.

Det er fleire område på Stord med flotte kulturmiljø og som har tradisjon for å skjømte desse kvalitetane. Bygnings- og landskapsmiljø som er knytt til strand/sjø vert vurdert som ein del av den funksjonelle strandsona. Område med svært spesielle kvalitetar, som t.d. heilskaplege bygningsmiljø, vert saman med kriteriet topografi/landskap vekta høgt.

Friluftsliv

- Statleg sikra friluftsområde
- Regionale friluftsområde
- Lokale friluftsområde
- Lokale badeplassar/friområde

Statleg sikra friluftsområde er lokalt og regionalt viktig for rekreasjon og friluftsliv. Det er difor viktig at slike område får ein viss inngrepsfri buffer kring seg.

Hordaland Fylkeskommune har kartlagt viktige regionale friluftsområde for både sjø- og landareal. Fylkeskommunen har m.a. lagt kriterium som bruk, opplevingskvalitet, symbolverdi og tilrettelegging til grunn for klassifisering av områda. Områda er delt inn i kategoriane A (svært viktig), B (viktig) og C (registrert). Dette kriteriet er vekta i samspel med topografi/landskap og kulturminne/kulturmiljø.

Fastsetjing av funksjonell strandsone kan gi bakgrunnsinformasjon/beslutningsgrunnlag for å sikra lokale badeplassar og lune viker som vert nytta til friområde.

Kriteriet friluftsliv vert sterkt knytt saman med kriteriet landskap.



Landbruk

- Dyrka mark
- Kjerneområde for landbruk

Tilgjengeleg strandsoner for ålmenta kan definerast som område med fri ferdsel etter Friluftsløva, samt tilgjenge i høve til topografi. I følgje Friluftsløva er det fri ferdsel i utmark, med eit par unntak. Der innmark (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) går heilt ned i sjøkanten er det ikkje fri ferdsel i 100-metersbeltet. Landbrukskriteriet vert nytta der innmark går ned til sjø og funksjonell strandsoner vert sett enten på 100-metersbeltet eller landskapsrom.

Eksisterande infrastruktur

- Veg
- Busetnad
- Sjøtilknytt bygningsmiljø

Område med infrastruktur vert vurdert i høve til landskapsrom og tilknytning til strand/sjø. Sjøtilknytt busetnad er ein del av strandsona, t.d. naustmiljø, rorbu og spreidd fritidsbusetnad.

Konsentrert bustadområde vil vera ei naturleg avgrensing for den funksjonelle strandsona. FS vil verta sett enten langs veg eller nærmaste bygg til sjø der strandsona allereie er privatisert. I spreidd utbygde område vert det gjort ei vurdering i høve området sitt samspel med strandsona, og funksjonell strandsoner vert sett på bakgrunn av eksisterande infrastruktur eller landskapsrom.


Ein veg kan vera ei naturleg avgrensing mellom urørt areal og utbygde område, eller mellom landskapselement/landskapsbruk. Det vert skilt mellom hovudveg og privat/skogveg. Vegkriteriet er nytta i område der vegen er ei klar barriere mellom ulike landskapselement og/eller bruksmessige tilhøve.

Eksisterande plan

- Kommuneplan
- Reguleringsplan

Der det er eksisterande regulerings- eller utbyggingsplanar med fastsett byggegrense mot sjø, vert den funksjonelle strandsona vurdert på nytt. For område som er regulert, med og utan byggegrense mot sjø, vert funksjonell strandsoner vurdert med hovudvekt på landskap og eksisterande infrastruktur.

Område som i kommuneplan for Stord (2004-2015) er avsett som bandlagte område etter PBL vert nytta som ei naturleg avgrensing (*Landskaps-, turveg grøntstruktur der bygg- og anleggstiltak ikkje bør tillatast*). Bakgrunnen for denne bandlegginga er område med stort og/eller særprega biologisk mangfald. Friområde i kommuneplanen vert også nytta som ei naturleg avgrensing.



Døme på reguleringsplanar.

4.3 Feilkjelder og usikkerheit

Analysane er utarbeidd frå eksisterande datagrunnlag. Feil og generaliseringar i datagrunnlaget samt i analysane, kan ha påverka kvaliteten på resultatane. Vurderingane er gjennomført på eit overordna nivå og vil spegla realiteten på ein grov måte. Dette er likevel vurdert som tilstrekkeleg på kommuneplannivå.

Kartlegging av den funksjonelle strandsona er basert på konkrete, men også skjønsmessige kriterium. For å redusera feilmargen/feilkjelde er det gjennomført kontroll gjennom feltarbeid frå sjø og land.

Metoden har ein svakheit i samband med å vurdera funksjonell strandsona i ekstensive næringsområde og sentrumsjerne. Ein har difor valt å trekka ut to delområde i kartlegginga, Sagvåg sentrum og Grunnvågen næringsområde.

4.4 Nytte av resultatane

Gjennom å kartlegga funksjonell strandsona får ein eit verktøy for vurdering av vern, tilpassa bruk og område som kan leggjast til rette for utbygging.


Kartlegginga skal nyttast som:

- Grunnlag for fastsetjing av byggegrense, der kommuneplanen sine føresegner vil definera kva infrastruktur og bygg/anlegg som kan liggja nærmare enn fastsett byggegrense
- Grunnlag for fastsetjing av omsynssone, der byggegrensa framleis vil vera på 100-metersbeltet
- Ein skyggeplan for vidare arealforvaltning og planrevisjon
-



5 Resultat Stordøya

Det er trekt ut fem delområde som er kartlagt nærare for å definera funksjonell strandsone. Dei fem områda er valt ut basert på område med eksisterande og framtidig press på bruk av strandsona.



5.1 Område 1 Dåfjorden

Det er to hytteområde innanfor området, begge synt som fritidsføremål i gjeldande kommuneplan. Det er elles ein del spreitt bygde naust og hytter langs sjøen inst i Dåfjorden. Hyttefeltet Brotaneset-Sandpollen (U-126-000) på aust sida av fjorden, er regulert gjennom detaljplan. Reguleringsplanen har ikkje byggegrense mot sjø, og syner friluftsområde mellom fritidstomtane. Det andre hytteområdet ligg på Straumsneset ved innløpet til Dåfjorden. Hytteområdet er pr i dag ikkje regulert i detaljplan, men slik detaljplan er under arbeid. Funksjonell strandsone vert ikkje vurdert for dette området då prosessen med detaljplanen har krav om vurdering av funksjonell strandsone og byggegrense til sjø.

Heile Dåfjorden er vurdert i utkast til marin verneplan, og er fredingszone for elvemunning jf. forskrift. Dåfjorden er klassifisert som regionalt viktig friluftsområde (B), og eit større område på land mot aust er klassifisert som regionalt viktig friluftsområde (C).

Strekninga frå Straumen mot grensa til Fitjar kommune i Nordre Dåfjorden består i stor grad av urørt natur, hovudsakleg furuskog. Det er ingen særreigne landskapstrekk i området.

Store deler av funksjonell strandsone er sett langs 100-metersbeltet eller basert på eksisterande infrastruktur i Dåfjorden. Området har få særmerkte landskapstrekk, eller andre framtrekande kriterium som kan tillegast vekt.



Tabell 1. Oversikt av kriterium som er nytta i område 1. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

	Biologisk Omr. mangfald	Landskap	Kulturminne Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
1		X		X	X	X	



5.2 Område 2 Melkevik - Sagvåg - Sætrevik


Strekket frå Melkevik til Sætrevik består av urørt natur, samt spreidd og konsentrert busetnad. Store deler av området er relativt bratt mot sjø med lune viker innimellom. I dette delområdet er kriteria landskap, infrastruktur og plan lagt særskilt vekt på. Det er ikkje vurdert funksjonell strandsone i Sagvåg sentrum og Grunnavågen næringsområde.

Melkevika og ut til Sagvåg består av ein blanding av landbruksareal, spreidd busetnad og urørt natur. Topografien er ulendt med utstikkande nes og lune viker. Inst i Limbuvikja er ein lauvskog definert som viktig naturtype, rik edellauvskog. Det er utarbeidd eit par reguleringsplanar i to delområde før ein kjem inn til Sagvåg. Begge desse har byggegrense mot sjø. Funksjonell strandsone er vurdert og sett i samsvar med reguleringsplan Vikanes, gnr. 58 bnr. 5-15 (R-229-000). Reguleringsplan Skipperviken gnr. 58 bnr. 242 mfl. (R-217-000) er inkludert i funksjonell strandsone då planføremåla er tilknytt strandsona.

Kring bassenget i Sagvåg er det både nye og gamle reguleringsplanar. Dei fleste har ikkje byggegrense mot sjø. Busetnaden er trekt ned mot sjø, samt at ein kan finna næringsverksemdar heilt i strandsona (båtbyggeri, handel og næringsareal planlagt for setjefiskanlegg). Funksjonell strandsone er sett langs Jensanesvegen, samt nærmaste bygg til sjø.

Kartlegginga aust for Grunnavågen vidare til Sætrevika har lagt vekt på topografi og eksisterande infrastruktur. I Sætrevik er det eit område som er avsett til friområde i eksisterande kommuneplan.

I dei urørte områda er funksjonell strandsone sett enten langs 100-metersbeltet eller topografisk slik at linja hindrar utbygging som skapar silhuettverknad.



Tabell 2 Oversikt av kriterium som er nytta i område 2. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

	Biologisk mangfald	Landskap	Kulturminne Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
2	X	X		X	X	X	X



5.3 Område 3 Digernes - Eldøy

Strekket frå Skjeravika (Digernes) til Eldøy består av urørt natur, bustadfelt, friområde, ferjeleie og landbruksareal. I dette delområdet er det nytta fleire kriterium for fastsetjinga: landskap, landbruk, plan og eksisterande infrastruktur.

Arealet frå Skjeravika til Hornelandsvågen består hovudsakleg av urørt natur, dominert av furuskog, dels bratte parti, skjerma viker, samt installasjonar/fester for plattform og djupvasskai. Det er ein del spreidd plasserte naust og fritidsbustadar langs strekket fram til Grindavika, der ein finn fleire bustad- og fritidshus, samt naust. Eit større område av Digernes som går ned til sjø, er definert som svært viktig viltområde (A). Funksjonell strandsone er i stor grad sett langs 100-metersbeltet, som også samanfell med kriteria landskap og biologisk mangfald. I næringsområdet på Tømmervika er funksjonell strandsone sett ut frå landskapskriteriet.

Hornelandsvågen er eit område som er detaljregulert til konsentrert busetnad (fleire planar). Bustadhus, fritidshus og naust er plassert tett til sjø. Reguleringsplan *Horneland/Hornelandsvågen* (R-202) syner byggegrense mot veg og har definert eit område til sjø som friluftsområde. Funksjonell strandsone er sett langs veg, nærmaste busetnad til sjø og friområde. Reguleringsplan *Hornelandsvågen/Vågodden* (R-206) som legg til rette for fritidsbusetnad har fastsett byggegrense mot sjø. Funksjonell strandsone er sett delvis i samsvar med byggegrense i reguleringsplan, då store deler av området er privatisert. Vågodden er inkludert i funksjonell strandsone på bakgrunn av landskapselement og landskapsrom.

Forutan sjølve ferjeleiet, er strandsona frå Hornelandsvågen til Skjersholmane og vidare inn i Alnavågen skogsområde utan inngrep. Det er fleire badeområde og fiskeplassar langs dette strekket. Store deler av Alnavågen er eit friluftsområde som er statleg sikra. Samstundes er eit større område kring Alnavågen synt som friområde i gjeldande kommuneplan. Funksjonell strandsone er sett delvis langs 100-metersbeltet, i høve til landskap/topografi, samt friområde.

Strandsona frå Alnavågen og inn til Eldøy er prega av busetnad til sjø samt hellande jordbruksareal. Det er fleire reguleringsplanar innanfor området, men ingen har sett byggegrense mot sjø. I fleire av planane er det regulert inn friområde mot sjø. Der desse er tydeleg knytt til strandsona er funksjonell strandsone sett i samsvar med desse friområda. Innmarksområda er delvis inkludert i funksjonell strandsone gjennom landskap eller veg som barriere.





Tabell 3. Oversikt av kriterium som er nytta i område 3. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

	Biologisk mangfold	Landskap	Kulturminne Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
3	X	X		X	X	X	X




5.4 Område 4 Gullberg

Gullberg strekk seg frå Naustvågen ved Aker verft sitt område (Tjøtteinståno) via bustadområdet Bjelland Sør og skogsområdet Gullberg, Gullberg camping og inn til Djupevikjo. I dette delområdet er kriteria friluftsliv, biologisk mangfald og infrastruktur lagt særleg vekt på.

Naustvågen er del av reguleringsplan for Aker sitt verftsområde. Funksjonell strandsone er sett i grense mot bustad/kontor og inkluderar friområde mot sjø ved å gå langs Kjøtteinsvegen. Bustadområdet Bjelland Sør er regulert til einebustadar og konsentrert bustadar. Det er ikkje sett byggegrense mot sjø. Innanfor reguleringsplanområdet er funksjonell strandsone sett i nedkant av konsentrert busetnad, langs Kjøtteinsvegen og inkluderar friområdet mot Gullberg. Vidare vert linja sett langs busetnaden mot Gullberg og tvers over eit dalsøkk mot bustadfeltet, Skotaberget. Ved å setta funksjonell strandsone så langt inn på land vernar ein om skogsområdet Gullberg som har stor verdi for friluftsliv (stinett og badevikar), kulturhistorisk (restar etter 2.verdskrig) og biologisk mangfald(rik edellauvskog, kalkskog (A), kyst- og havstand (A)). Dette er ei viktig grøn lunge i nærleik av bustadfelt og Leirvik sentrum.

Ved Djupevikjo vert funksjonell strandsone sett langs nærmaste busetnad mot sjø.



Tabell 4. Oversikt av kriterium som er nytta i område 4. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk mangfald	Landskap	Kulturminne Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
4	X	X	X	X		X	X



5.5 Område 5 Sævarhagsvikjo -Rommetveit - Grov - Agdestein

Området frå Sævarhagsvikjo til Agdestein er eit lengre strekk med variert bruk, topografi og økologi. Her finn ein alt frå konsentrert til spreidd busetnad i sjøkanten til urørte naturområde, naustmiljø til frittstående naust, fritidsbusetnad til sjø, sjeldan og kvalitets rik flora og landbruksområde. I dette delområdet er kriteria landskap/topografi, landbruk og eksisterande infrastruktur lagt særleg vekt på.

Sævarhagsvikjo - Økland - Rommetveit

Arealet frå båthamna i Sævarhagsvikjo til bustadfeltet Haga/Økland nedre består hovudsakleg av innmark til sjø og busetnad trekt frå sjø.

Området kring Hovaneset er i gjeldande kommuneplan bandlagt med omsyn til kulturlandskap. Samstundes er sjølve Hovaneset klassifisert som svært viktig naturtype; naturbeitemark, beiteskog, strandeng og strandsump og rikt strandberg. Nordaustleg del av Hovaneset er eit viktig område for måke-, vade- og alkefuglar. Sævarhagsvikjo er eit prioritert viltområde med omsyn til andefuglar og andre trekkfuglar. Desse kvalitetane er m.a. knytt til strandsona si kvalitet som blautbotnsområde (sand og mudderstrand). Denne sona strekk seg nesten samanhengande frå Sævarhagsvikjo og til Fuglevikjo.

Bustadfelta på Økland er detaljregulert og litt tett til sjø. Ingen av planane har fastsett byggegrense til sjø. Deler av strandsona er sterkt privatisert med busetnad heilt ned til sjø. Her vert funksjonell strandsona sett langs nærmaste bygg til sjø og/eller nærmaste byggerekke til sjø.





Rommetveit - Fuglevikjo

Det er utarbeidd ein reguleringsplan med byggegrense for høgskuleområdet (HSH) på Rommetveit. Funksjonell strandsone er sett i samsvar med reguleringsplanen.

Strandsone frå HSH til Fuglevikjo ber preg av jordbruksareal til sjø med spreidd busetnad langs veg og opp til E39. Stranda langs dette strekket er mykje nytta i friluftssamanheng og har biologiske kvalitetar (sand- og mudderstrand). Strandsone er lett tilgjengeleg for ålmenta. Funksjonell strandsone er sett langs veg der vegen ligg utanfor 100-metersbeltet og der vegen ligg innanfor, er funksjonell strandsone sett langs 100-metersbeltet. Dette er i hovudsak basert på dyrka mark heilt til sjø og klart definerte landskapsrom.



Fuglevikjo - Grov

Strandsone frå Fuglevikjo til Grov består i stor grad av urørt natur, hovudsakleg furuskog, og jordbruksområde til sjø med spreidd busetnad.

I gjeldane kommuneplan er det avsett eit friområde som strekk seg frå Fuglevikjo mot Buavika. Funksjonell strandsone er sett ovanfor friområdet. Vidare mot Buavika er funksjonell strandsone trekt lengre vekk frå sjø med bakgrunn i topografiske høgdedrag og langs 100-metersbeltet.

På Grov er det fleire større jordbruksområde som delvis går til sjø. I jordbrukslandskap til sjø er funksjonell strandsone sett langs 100-metersbeltet og/eller langs nærmaste bygg til sjø der landskapsrommet ikkje avgrensar det på anna måte.



Grov - Agdestein

Frå Grov til Agdestein er strandsona i stor grad urørt, men med innslag av naust og fritidsbustadar til sjø.

På store deler av strekket vert funksjonell strandsona sett langs 100-metersbeltet på grunn av få særmerkte landskapstrekk eller andre tilhøve som gir grunnlag for ei differensiering. I jordbrukslandskap til sjø er funksjonell strandsona sett langs 100-metersbeltet.

I Agdesteinsvika er det registert ein viktig naturtype (B), oseanisk eikeskog. Lokaliteten inneheld ein av dei mest intakte eikeskogane som er att på Stord kommune. Funksjonell strandsona vert lagt i overkant av lokaliteten.

Landskapet ved Djupevika/Træet er bratt og avskjerma frå strandsona. Funksjonell strandsona vert sett etter landskapsmessige høgdedrag og langs E39.



Tabell 5. Oversikt av kriterium som er nytta i område 5. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk mangfald	Landskap	Kulturminne Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
5	X	X		X	X	X	X



Tegnforklaring

- Funksjonell strandsone
- 100 metersbeltet

	Skala	Dato
Stord kommune	1:12 000	12.10.2010
Funksjonell strandsone	A3	

akvator

akvator AS
Bragegt 4
Postboks 100
4001 Stord

10. Utarbeidde av: akvator AS
11. Utarbeidde av: akvator AS
12. Utarbeidde av: akvator AS

6 Revisjon Huglo

I samband med kommunedelplan for Huglo vart seks delområde kartlagt i høve til funksjonell strandsone (desember 2009). Sidan den gong er metoden for kartlegging av funksjonell strandsone justert, jf. strandsoneprosjekt i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Stord kommune ønskjer å justera kartlegginga på Huglo slik at den er i samsvar med den reviderte metoden, samt kartlegginga på Stordøya.

Revidering av funksjonell strandsone på Huglo er i hovudsak retta mot kriterium landskap/topografi og landbruksmiljø.

I dette kapittelet er kartlegging av funksjonell strandsone på Huglo revidert i høve til rapport i kommunedelplan for Huglo, desember 2009.

6.1 Område 1. Leira - Huglavika

Strekninga Leira - Huglavika omfattar slakt hellande terreng. Arealet som hellar mot sjø i vest kan karakteriserast som utmark med knausar og bar-/lauvskog. Arealet frå Leira i sør til Huglavika i nord er dominert av landbruk, med vekt på husdyrhald og grasproduksjon. Området er definert som kjerneområde for landbruk.

Ein større bustadkonsentrasjon er lokalisert i Huglavika, og er ein del av reguleringsplan (Nordhuglo, R-173-000). Eit mindre område ved Homannseset er prega av fritidsbusetnad. Elles er området karakterisert av aktivt jordbruksareal.


Huglavika kan karakteriserast som sentrum på Nordhuglo. Her ligg m.a. ferjeleie, butikk og gjeste kai, og fungerer som innfallsporten til Huglo. Fylkesveg går gjennom området.

I dette delområdet er kriteria landskap (topografi), bandlagt område etter kommuneplan og landbruksmiljø lagt særleg vekt på.

Tabell 6. Oversikt av kriterium som er nytta i område 1. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk		Kulturminne				
	mangfald	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
1	X	X		X	X	X	X





6.2 Område 2. Breivika - Kvarvaneset

Området er prega av urørt natur. Einaste infrastruktur per i dag er ei høgspenlinje som går gjennom området. Landskapet er markant og terrenget er bratt og lite tilgjengleg frå landsida. Området er i stor grad bar mark med innspel av furuskog langs sjøkanten.

Deler av reguleringsplan for Nordhuglo omfattar kartleggingsområdet i sør.

I dette delområdet er kriteriet landskap (element, rom og topografi) lagt særleg vekt på.

Tabell 7. Oversikt av kriterium som er nytta i område 2. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk		Kulturminne				
	mangfold	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
2		X				X	X



6.3 Område 3. Lyraberget - Haukanes

Området frå Lyraberget til Jektetøa er prega av urørt natur, hovudsakleg furuskog, med dels bratte parti og tilgjengele nes og strandparti.

Arealet frå Jektetøa til Haukanes er karakterisert av kultivert hellande jordbruksareal, fritidsbusetnad og bratte urørte parti. I sør går ein liten bit av fylkesvegen inn i området, som vidare vert ført som privat veg.

Heilt i sør ligg eit større område som er verna etter naturvernlova, Brandvika landskapsvernområde. Verneområdet er karakterisert med sjeldan rik og variert flora med store kontrastar.

I dette delområdet er kriteria topografi/landskap og topografi/brattleik lagt særleg vekt på i nord, og topografi/landskap, kulturminne/kulturmiljø, bandlagt område etter kommuneplan og biologisk mangfald i sør.

Tabell 8. Oversikt av kriterium som er nytta i område 3. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk		Kulturminne				
	mangfald	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
3	X	X	X		X	X	X





6.4 Område 4. Stora Brandvik


Området strekk seg inn i ei vik frå Buneset og ut til Litla Brandvikeneset. Det er fleire bustadhus på Buneset, samt fritidsbustadar på åsryggen nord i bukta. Inst i bukta går jordbruksareal heilt ned til sjøen.

Fylkesveg går gjennom området.

I dette delområdet er kriteria eksisterande infrastruktur (bygg), landbruksmiljø og biologisk mangfald lagt særleg vekt på.

Tabell 9. Oversikt av kriterium som er nytta i område 2. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk mangfald		Kulturminne		Landbruk	Infrastruktur	Plan
	Landskap	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv			
4	X	X			X	X	X



6.5 Område 5. Tveitvågen

Området er karakterisert av å vera ei skjermende bukt med busetnad, innmark og fritidsbusetnad. Området inst i bukta er dominert av tradisjonelt kulturlandskap, med innmark og bygningsmiljø. Området kring er karakterisert av utmarksbeite og eldre furuskog.


Tveitvågen er eit mykje bruk friluftsområde og er ein av innfallsportane til det store samanhengande friluftsområdet mot Huglahammaren.

I dette delområdet er kriteria biologisk mangfald, bandlagt område etter kommuneplan, landbruksmiljø og topografi/landskap lagt særleg vekt på.

Tabell 10. Oversikt av kriterium som er nytta i område 5. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk mangfald		Kulturminne			
	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
5	X	X	X	X		X





6.6 Område 6. Korsneset- Røssbøneset/Orevik


Dette er eit lengre strekke som er karakterisert av busetnad, jordbrukslandskap næring samt urørt natur. Fylkesvegen går langs sjøkanten i deler av området.

Frå Korsneset i sør til Leirvika dominerar jordbrukslandskapet og spreidd busetnad. Ved Leirvika ligg næringsområdet der Sortland Møbelfabrikk er lokalisert. Området Skarvane er det største bustadfeltet på Huglo med konsentrert busetnad av bustadhus, fritidshus og naust. Inst i Røssbøvika er det lagt til rette for friluftaktivitetar. Frå Røssbø og vidare nordover er landskapet prega av urørt natur med furu- og blandingsskog.

I område 6 er kriteria landbruksmiljø og landskap lagt særleg vekt på frå Skarvane og sørover. Frå Skarvane og nordover er friluftsliv, landskap og biologisk mangfald lagt særleg vekt på.

Tabell 11. Oversikt av kriterium som er nytta i område 6. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk mangfald		Kulturminne		Landbruk	Infrastruktur	Plan
	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk			
6	X	X		X	X	X	X




7 Oppsummering

Gjennom kartlegging av den funksjonelle strandsona har ein gjort ei kvalitetsvurdering for deler av strandarealet på Stord. På Stordøya er det valt ut fem delområde som er kartlagt. Samstundes har ein revidert seks delområde på Huglo som i samband med kommunedelplan for Huglo vart kartlagt i høve til funksjonell strandsona (desember 2009).

Det er nytta sju delkriterium for vurdering i dei ulike områda; Biologisk mangfald, landskap, kulturminne/kulturmiljø, friluftsliv, landbruk, eksisterande infrastruktur og eksisterande plan.


Den funksjonelle strandsonelinja er synt i figurar på følgjande sider i rekkefølga Dåfjorden, Sagvåg, Digernes-Eldøy, Gullberg og Rommetveit-Agdestein, samt delområda på Huglo; Leira-Huglavika, Breivika-Kvarvaneset, Lyraberget-Haukanes, Stora Brandvik, Tveitvågen og Korsneset-Røssbøneset/Orevik. Temakart som er nytta som analysegrunnlag er vedlagt for delområda på Stordøya. I desse karta er alle tilgjengelege relevante tema samla i eit kart, og gir slik god oversikt over arealstatus i strandsona med bakanforliggende område.



Tegnforklaring
 — Funksjonell strandsone
 — 100-metersbeltet

	Målestokk	Dato
Stord kommune	1:12 000	12.10.2010



Funksjonell strandsone	A3	
	Akvator AS Bjørns gate 9 Postboks 143 5404 Stord	TE: 55104 80 FAX: 55104 81 fms@akvator.no www.akvator.no





Tegnforklaring

- Kartleggingsområde, FS
- 100-metersbeltet
- Kulturminne
- Dyrkamark
- Fulldyrka mark
- Overflatedyrka mark
- Innmarksbeite
- ▨ Statlig sikra friluftslivsområder
- ▨ Prioriterte viltområde
- Funksjonsområde for vilt
- Marinverneplan, utkast
- ▨ Naturtyper
- Analyse topografi, graders helling
- 0 - 25
- > 25


Strandsoneprosjekt	Målestokk	Dato
Stord kommune	1:12 000	28.06.2010
Funksjonell strandsone Temakart	A3	
		Akvator AS Berggata 8 Postboks 743 6404 Stord
		TF: 52404901 Fax: 52404 95 tmapport@akvator.no www.akvator.no







Tegnforklaring		
	Funksjonell strandsone	
	100-metersbeltet	
	Målestokk	Dato
Stord kommune	1:5 000	12.10.2010
Funksjonell strandsone	A3	
	akvator AS Bjørgeveien 9 Postboks 143 5404 Stord	TE: 55104 80 FAX: 55104 81 tms@akvator.no www.akvator.no




- Tegnforklaring**
- Kartleggingsområde, FS
 - 100-metersbeltet
 - Kulturminne
 - Dyrkamark
 - Fulldyrka mark
 - Overflatedyrka mark
 - Innmarksbeite
 - Ståttlig sikra friluftslivsområder
 - ▨ Prioriterte viltområde
 - ▨ Funksjonsområde for vilt
 - Marinverneplan, utkast
 - ▨ Naturtyper
 - Analyse topografi, graders helling
 - 0 - 25
 - > 25

Strandsoneprosjekt	Målestokk	Dato
Stord kommune	1:5 000	28.06.2010
Funksjonell strandsone Temakart	A3	

akvator
 Akvator AS
 Borggate 5
 Postboks 743
 5404 Sande


TF: 53454 80
 Fax: 53404 85
 ftnmapost@akvator.no
 www.akvator.no



Tegnforklaring		
	Funksjonell strandsone	
	100-metersbeltet	
	Målestokk	Dato
Stord kommune	1:12 000	12.10.2010
Funksjonell strandsone	A3	
	Akvator AS Borgens 8 Postboks 743 5404 Stord	TF 5340480 Fak 53404 90 fmg@akvator.no www.akvator.no



Tegnforklaring		
	Funksjonell strandsone	
	100-metersbeltet	
	Målestokk	Dato
Stord kommune	1:12 000	12.10.2010
Funksjonell strandsone	A3	
	Akvator AS Borggata 9 Postboks 743 5404 Stord	TF 53404 80 Fax: 53404 80 Smuapost@akvator.no www.akvator.no




Tegnforklaring

- Kartleggingsområde, FS
- 100-metersbeltet
- Kulturminne
- Dyrkamark
- Fulldyrka mark
- Overflatedyrka mark
- Innmarksbeite
- Statlig sikra friluftslivsområder
- Prioriterte viltområde
- Funksjonsområde for vilt
- Marinverneplan, utkast
- Naturtyper
- Analyse topografi, graders helling
- 0 - 25
- > 25

Strandsoneprosjekt	Målestokk	Dato
Stord kommune	1:21 000	28.06.2010
Funksjonell strandsone Temakart	A3	


 Akvator AS
 Briggata 6
 Postboks 743
 5404 Stord

Tlf: 5340480
 Fax: 5340485
 f.m.pavel@akvator.no
 www.akvator.no



Tegnforklaring

- Funksjonell strandsone
- 100-metersbeltet


	Målestokk	Dato
Stord kommune Huglo	1:5 000	08.07.2010
Funksjonell strandsone	A3	

akvator

Akvator AS
Berggata 8
Postboks 743
5404 Stord

TF: 5540480
Fax: 5540485
formpost@akvator.no
www.akvator.no






Tegnforklaring
 — Funksjonell strandsone
 — 100-metersbeltet

	Målestokk	Dato
Stord kommune Huglo	1:5 000	08.07.2010
Funksjonell strandsone	A3	
		Akvator AS Ringgata 9 Postboks 743 5404 Stord Tlf: 5540480 Fax: 5540485 formpost@akvator.no www.akvator.no

Brandvik landskapsvernområde



Brandvik landskapsvernområde

Stora Brandvik

Buneset


Litla Brandvikneset

Litla Brandvik

Tegnforklaring

- Funksjonell strandsone
- 100-metersbeltet


	Målestokk	Dato
Stord kommune Huglo	1:3 000	08.07.2010
Funksjonell strandsone	A3	
		Akvator AS Borggata 6 Postboks 743 5404 Stord
		TF: 5340480 Fax: 5340485 tnmapp@akvator.no www.akvator.no



Tegnforklaring
 — Funksjonell strandsone
 — 100-metersbeltet

	Målestokk	Dato
Stord kommune Huglo	1:3 000	08.07.2010
Funksjonell strandsone	A3	

akvator
 Akvator AS
 Birgitta 8
 Postboks 743
 5404 Stord
 Tlf: 5340480
 Fax: 5340485
 formpost@akvator.no
 www.akvator.no




Tegnforklaring
 — Funksjonell strandsone
 — 100-metersbeltet

	Målestokk	Dato
Stord kommune Huglo	1:7 000	08.07.2010

Funksjonell strandsone A3

akvator
 Akvator AS
 Burggata 6
 Postboks 743
 5404 Stord
 Tlf: 5340480
 Fax: 5340485
 f.magnus@akvator.no
 www.akvator.no



Borggata 8 5404 Stord
Tlf.: +47 53 40 41 80
Faks: +47 53 40 41 85
Epost: post@akvator.no
www.akvator.no

